

Tertialrapport 1/18 – Konesjonskraftomsetjing

	2018	2019	2020	2021	2022
Budsjett 2018/øk.plan 19-22	39,0	30,0	32,5	35,0	35,0
Ny prognose T1/18	50,0	52,0	48,0	50,0	52,0
Endring	11,0	22,0	15,5	15,0	17,0

Føresetnader Budsjett 2018/ økonomiplan 2019-2022:

Budsjettføresetnadane for 2018/ økonomiplan 2019-2022 er basert på marknadsprisar og valutakursar per hausten 2017 og kjend konesjonskraftmengde i 2017 - 376 Gwh. Kostnadane med kjøp av konesjonskraft inkl. innmatingsavgifter var berekna til 13,5 øre/gwh. (11,42 + 2,08). Kostnader med bistand Markedskraft, kommunekraft, ulike gebyr etc. er berekna til 1 mill. kr.

For året 2018 skal vi - etter vedteken normalsikringsstrategi for kraftsal – ha pris- og valutasikra 80 % av tilgjengeleg volum ved inngangen til budsjettåret. Jf. sikringsstrategien pkt. 5,4 kulepunkt skal fylkeskommunen:

«ved inngangen til kvart kvartal skal ein være ajour med normalstrategien sitt volum. Ein kan altså ikkje ligge med avvik frå normalstrategien gjennom eit kvartal som er i levering»

Pr. 30.04.18 er andel pris- og valutasikra volum 73,89 %. Ved inngangen til 2. kvartal 2018 ligg vi på normalstrategien sitt volum. Det står att noko sikring i 3. og 4. kvartal 2018.

Ny prognose 2018

Ny prognose for konesjonskraft byggjer på marknadsprisar og valutaprisar pr. 30. april 2018. Prisbilete no er vesentleg betre for 2018 enn det var pr. 01.09.17. Prognose for 2018 ligg no på 34,3 øre/gwh – om lag +9 øre/gwh i høve prognosen i budsjettet.

Den nye prognosen byggjer vidare på faktisk mengde konesjonskraft for 2018 - 363,912 gwh – ein reduksjon på 12 gwh i høve 2017. Reduksjonen skuldast i hovudsak auka uttak i Aurland kommune på 30 gwh frå 01.07.2018 (1/2 års effekt i 2018.)

Innkjøpspris (OED-pris) for 2018 er fastsett til 11,20 øre /gwh – ein reduksjon på 0,22 øre/gwh i høve 2017. Kostnadane med innmating etc. er vurdert til 2,0 øre/gwh. Det vil sei at innkjøpskostnadane samla for 2018 er sett til 13,2 øre/gwh – ein reduksjon på 0,3 øre/gwh i høve 2017.

Vår prognosemodell tek utgangspunkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Vår kraft vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Områdeprisen og systemprisen vil ofte avvike frå kvarandre – både positive og negative avvik. I tillegg har konesjonskrafta ein meirverdi som Markedskraft prøver å maksimera. Basert på erfaringar dei seinare åra samt utviklinga så langt i år vert desse samla vurdert til om lag 0,5 mill. kr. i netto kostnad i 2018.

Ny prognose for 2018 er:

	2018
Budsjett 2018	39,0
Ny prognose T1/18	50,0
Endring	11,0

Prognose 2019 – 2022

Ny prognose for åra 2019–2022 baserar seg på same grunnlag som ny prognose for 2018. Ved rullering av planperioden er år 2022 i utgangspunktet sett lik 2021.

Prisen på elektrisk kraft har, etter ei tid med låge prisar, auka vesentleg – særskilt det siste halve året. Men Markedskraft sin prognosemodell viser fortsatt at marknaden er «underprisa» for produkta fram i tid – frå 4,9 EUR til 7,4 EUR for åra 2020-2022.

Jf. sikringsstrategien pkt. 5 kan fylkesrådmannen, dersom avviket mellom Markedskraft sin prognosepris og marknadsprisen er meir enn 3 EUR, avvike med inntil 75% av planlagd prissikringsvolum. Denne fullmakta har fylkesrådmannen nytta slik at sikringsgraden pr. 30.04.18 er:

	2019	2020	2021	2022
Sikringsgrad pr. Q2/18	32 %	14 %	2 %	0 %
Normalstrategi pr. Q2/18	67 %	40 %	13 %	0 %

Marknadsprisen for 2019 har også auka det siste halve året. Avviket mellom marknadsprisen og Markedskraft sin prognosepris er no under 3 EUR (1,7 EUR). Det medfører at fullmakta til å avvike frå normalstrategien for 2019 ikkje lenger er til stades. Fylkesrådmannen vil i løpet av 2. kvartal prissikre om lag 130 gwh slik at vi ved inngangen til 3. kvartal ligg på normalstrategien.

Ny prognose for åra 2019 – 2022 byggjer på oppnådd pris på allereie sikra volum samt marknadsprisar og valutaprisar pr. 30.04.18 for den delen av vår portefølje som ligg i spotmarknaden. Slik fylkesrådmannen vurderer det ligg det ei relativ stor «oppside» i porteføljen viss vi tek utgangspunkt i Markedskraft sine prognosar då desse p.t ligg høgt over marknadsprisane.

	2019	2020	2021	2022
Økonomiplan 2019-22	30,0	32,5	35,0	35,0
Ny prognose T1/18	52,0	48,0	50,0	52,0
Endring	22,0	15,5	15,0	17,0

I budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 er det lagt inn eit «tak» på 40 mill. kr til bruk i driftsbudsjettet. Meirinntekter/mindreinntekter i høve dette taket vert saldert mot bufferfondet. Samla er økonomiplanen for 2018–2021 saldert med 23,5 mill. kr i bruk av bufferfondet. Prognosen no gjev ei saldering med avsetjing til bufferfondet på 42 mill. kr – samla ei forbetring på 65,5 mill. kr over ein 4 års periode.